

## HERADSSTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK FOR 2019, SAK 094/18

### HS - vedtak:

“Budsjett for 2019 med investeringsplan 2019 til 2022 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkludert budsjettokument og hovudoversikter, formannskapet si tilråding og med slike driftsrammer for 2019 og med slike endringar som vedteke i møtet 12.12.18:

Sum rammeområda inkl. sjølvkost 463 083

<b>Midlar til fordeling (frå 1A)</b>	<b>449 159</b>
Rådmannen/stabsseksjonar	40 580
IKTNH *	5 400
Oppvekst, undervisning og kultur	194 067
Helse, omsorg og sosial	183 764
Samfunnsutvikling teknisk drift, plan, teknisk forvaltning, brann og redning, reinhald)	47 872
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	- 8 600

\* Dette er mva-utgift. Den motsvarast av tilsvarande inntekt (mva-kompensasjon) på Sentrale postar.

**1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.19 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**

**2. Føresegner for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2019.**

**3. Med verknad frå 01.01.2019 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn,**

avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2019»

4. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert endra/fastsett frå 1.1.19 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2019 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».

5. Renovasjonsgebyr.

a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning.

b. Prisen på renovasjonstenesta for 2019 vert sett ned med 0,5 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 12.

c. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2018.

6. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

7. Betalingsatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:

- |                            |                   |
|----------------------------|-------------------|
| a. Mindre enn 9 timar veke | kr.1 395 (uendra) |
| b. 9-15 timar veke         | kr.1 695 (uendra) |
| c. Meir enn 15 timar veke  | kr.1 995 (uendra) |

8. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 300 pr år (uendra).

9. Fribe løp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2019 frå helse- og omsorgsdepartementet.

10. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

11. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2019 vert kr 70,4 millionar, herav sjølvkostlån kr 23,4 millionar.

12. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 8 millionar.

13. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

14. Eige domsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2019.

a. Eige domsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

b. Eige domsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,15 promille, jfr. eige domsskattelova paragraf 12 bokstav a.

c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eige domsskattegrunnlaget for

bustadeigedomar der slike verdjar ligg føre

e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

15. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

16. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

17. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

18. Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,4 millionar inkl kommunal tenesteyting.

Midlar vert teke frå disposisjonsfondet, og fordelt slik:

Kjøken på Osterøytunet: 725.000,-

Driftstilskot til fysioterapi 181.000,-

Vikarar barnehage 500.000,-

Båtrute i Osterfjorden 276.250,-

### Tilleggspunkt

Heradsstyret legg formannskapet si tilråding til drifts- og investeringsbudsjett til grunn, med desse tilleggspunkta:

#### 1. Omsorg +

*Heradstyret ber rådmannen i første kvartal 2019 starta arbeidet med prosjekt for utvikling og utbygging av tilbod om forsterka omsorgsbustader i Osterøy («Omsorg+»).*

*Bustadane skal lokalisert på kommunal eigedom ved Osterøytunet.*

*Etter ein innleiande forstudie, skal planlegging (reguleringsplan) og prosjektering gjennomførast parallelt.*

*Heradstyret set av ei førebels ramme på 2 mill. kr for tiltaket for budsjettåret.*

*Heradstyret føreset at prosjektet samla er nyskapande gjennom val av arkitektur (estetikk og funksjon), teknologiske løysingar (velferdsteknologi, smarthusteknologi), energieffektivitet (plussbus) og val av berekraftige material og løysingar.*

*Rådmannen skal i heradstyremøte våren 2019 gjera greie for føresetnader, rammer og plan for arbeidet.*

#### 2. Investeringsbudsjett - infrastrukturutbygging

Det vert sett av kr 2 mill. til infrastrukturutbygging.

#### 3. Verbalforsalg: Medlemskap, Klimapartner

Osterøy kommune søkjer medlemskap i Klimapartnerne Hordaland våren 2019. Kommunen har det siste året vore observatør og vert no invitert inn som ein av tre nye kommunar i nettverket

av private og offentlege verksemdar i Hordaland. Målet med medlemskapet i Klimapartnere er å redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling. I kommunen sitt arbeid med desse måla, vil kommunen søkje statlege Klimasats-midlar.

#### 4. Verbalforslag: Kartlegging av skuleveggar

Det vert sett i gang kartlegging av skuleveggar på Osterøy. Kartarbeidet skal basere seg på kjente data, og vise geografiske opptaksgrenser for skulane (nærskuleprinsippet), registrerte busstopp, 2/4 km-grense langs veg frå skulane, g/s-veggar, og trafikale data som ulykker, ÅDT og fartsgrense. Dette skal vere eit grunnlagsarbeid for vedtak i sak 084/16 (ny vurdering av kommunale retningslinjer om fri skuleskyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg) og vil òg vere nyttig for arbeid med rullering av handlingsdelen av trafikksikringsplanen ref. vedtak i HS. 31.10.18.

#### 5. Verbalforslag: Arbeidsgruppe for Nærings- og utviklingsfondet

1. Med utgangspunkt i HS-sak 058/18 (fond for utvikling i Osterøy kommune - «Nærings- og utviklingsfond»), vert det sett ned ei adhoc-komité som innan første kvartal skal utarbeide framlegg til føremål og forvaltning av Nærings- og utviklingsfondet. Arbeidsgruppa skal vere samansett av representantar for administrasjonen, tre medlemmer frå heradstyret og ressurspersonar frå kompetansemiljø og næringsliv, lokalt og/eller frå Bergensregionen.
2. Arbeidsgruppa skal leggja fram ein plan for etablering og grunnfinansiering – frå fondsmidlar - av ein framtidretta arena for utvikling av næringslivet i Osterøy innan områda industri, landbruk, havbruk, reiseliv og fornybar. Tiltaket skal omfatte eit vidt spekter av tilbod, frå gründerveggleiing til utvikling av nye produkt og tenester.
3. Arbeidsgruppa skal vurdere etablering av ein frivilligsentral – samlokalisert med arena for næringsutvikling.
4. Føremål, forvaltning og plan for etablering av arena for næringsutvikling skal vedtakast av heradstyret.
5. Arena for næringsutvikling skal evaluerast etter 2 år i drift.

#### 6. Verbalforslag: Kommunale kjøretøy

Alle nye kjøretøy i kommunen skal vera nullutslepp. Om det kan sannsynleggjerast at bruk av nullutslepp-kjøretøy aukar negative konsekvensar for helse og tryggleik i samband med løysing av kommunale oppgåver / oppdrag, skal fossile kjøretøy vurderast. Det skal leggjast til rette for ein ladeinfrastruktur som sikrar tenleg bruk av kommunale nullutslepp kjøretøy."

#### 7. Verbalforslag: Kjeldesortering

Osterøy kommune innfører kjeldesortering i heile si verksemd innanfor tilbodet av fraksjonar til vår avtalepart, BIR Bedrift. Eksempel på fraksjonar er papir, plast, metall, glas, batteri, m.fl. Det skal og på sikt leggast til rette god handtering av biologisk avfall (t.d. gjennom kompostering).

#### 8. Lærarstillingane på Osterøy ungdomsskule

*Dei to stillingane ved Osterøy ungdomsskule, som i framlagt budsjett frå Rådmann er teke ut, vert vidareført.*

*Inndekning: disposisjonsfond.*

*Gitt den økonomiske situasjonen Osterøy kommune er i, og dei nedskjeringane som vert gjennomført i alle sektorar, kan ikkje Osterøy Ungdomsskule leggja til grunn at stillingane vert vidareført i budsjettet for 2020."*